

Tilleggsoverføring til Evanger kraftverk og utbygging av Tverrelvi og Muggåselvi



Konsekvensutgreiing hydrologi

BKK PRODUKSJON AS

09.11.2011

Rapportnamn:

Tilleggsoverføring til Evanger kraftverk og utbygging av Tverrelvi og Muggåselvi

Konsekvensutgreiing hydrologi

Kunde:

BKK Produksjon AS

Dokument-ID:

11063844

Utarbeida av:

Louise Andersen og Torbjørn Kirkhorn

Godkjent av:

Ingvill Stenseth

Dato:

09.11.2011

Versjon:

3

Fordeling:

Multiconsult AS
Rådgivende Biologer

Prosjektnr:

P0191

Gradering:

Samandrag

Det er gjennomført konsekvensutgreiing for overflatehydrologien i Tverrelvi og Muggåselvi som følge av tilleggsoverføring til Evanger kraftverk og utbygging av Tverrelvi og Muggåselvi i Voss kommune.

BKK Produksjon planlegg ei tilleggsoverføring av dei øvre delane av nedbørsfeltet til Tverrelvi og Muggåselvi til Evanger kraftverk. Det vil verta bygt ein overføringstunnel med sju bekkeinntak på om lag kote 805 i dei to elvane. Vatnet i dei nedre delane av elvane vil verta nytta i kraftverk ved Vosso. Det er vurdert fleire ulike alternativ, med og utan overføring til Evanger kraftverk og med eit eller to kraftverk i nedre del av feltet. Alternative er kalla A, B, C og D:

- Alternativ A: Tilleggsoverføring til Evanger kraftverk og utbygging av Skorve kraftverk
- Alternativ B: Tilleggsoverføring til Evanger kraftverk og utbygging av Tverrelvi kraftverk og Muggåselvi kraftverk
- Alternativ C: Utbygging av Skorve kraftverk
- Alternativ D: Utbygging av Tverrelvi kraftverk og Muggåselvi kraftverk

Det er i denne rapporten sett på verknader på vassføringsforholda ved ulike referansepunkt i dei råka vassdraga. Analysen er gjort ved produksjonssimulering, vurdering av innsamla hydrologiske data frå feltet og ved bruk av data og verktøy i NVEs hydrologiske database, Hydra II.

Ingvill Stenseth

Torbjørn Kirkhorn

Louise Andersen

INNHALD

1	INNLEIING	1
1.1	Konsekvensutgreiingsprogram	1
1.2	Dagens situasjon	2
1.2.1	Dagens reguleringer og kraftverk	2
1.2.2	Flaumhistorikk	4
1.3	Utbyggingsplanar	4
1.3.1	Alternativ A - Overføring til Evanger og Skorve kraftverk	4
1.3.2	Alternativ B - Overføring til Evanger, Tverrelvi kraftverk og Muggåselvi kraftverk	5
1.3.3	Alternativ C - Skorve kraftverk	6
1.3.4	Alternativ D - Tverrelvi kraftverk og Muggåselvi kraftverk	6
2	METODIKK	8
2.1	Simuleringsprogrammet VANSIMTAP	8
2.2	Simuleringsprogrammet nMAG	8
2.3	Hydrologiske data	8
2.3.1	Observerte data	8
2.3.2	Referanse data	9
2.4	Referansepunkt for vassføring	10
2.5	Karakteristiske vassføringar	12
3	RESULTAT OG KONSEKVENSA	14
3.1	Føresetnader	14
3.2	Resultat frå produksjonssimulering	14
3.2.1	Alternativ A – Overføring til Evanger og Skorve kraftverk	15
3.2.2	Alternativ B – Overføring til Evanger, Tverrelvi kraftverk og Muggåselvi kraftverk	16
3.2.3	Alternativ C – Skorve kraftverk	17
3.2.4	Alternativ D – Tverrelvi kraftverk og Muggåselvi kraftverk	18
3.3	Restvassføringar ovanfor planlagde inntak til kraftverk i Tverrelvi og Muggåselvi	19
3.4	Restvassføringar i nedre del av Tverrelvi	20
3.4.1	Tverrelvi ved inntak til Skorve kraftverk, alt. A	20
3.4.2	Tverrelvi ved inntak til kraftverk, alt. B	20
3.4.3	Tverrelvi ved inntak til kraftverket, alt. C	21
3.4.4	Tverrelvi ved inntak til kraftverk, alt. D	21
3.4.5	Tverrelvi like oppstrøms samløpet med Vosso, alt. A og C	22
3.4.6	Tverrelvi like oppstrøms utløpet av Tverrelvi kraftverk, alt B og D	22
3.5	Restvassføringar i nedre del av Muggåselvi	22
3.5.1	Muggåselvi ved inntak til Skorve kraftverk, alt. A	22
3.5.2	Muggåselvi ved inntaket til Muggåselvi kraftverk, alt. B	23
3.5.3	Muggåselvi ved inntak til Skorve kraftverk, alt. C	23
3.5.4	Muggåselvi ved inntak til Muggåselvi kraftverk, alt. D	24
3.5.5	Muggåselvi like oppstrøms utløpet i Vosso, alt. A og C	24
3.5.6	Muggåselvi like ovanfor utløpet av Muggåselvi kraftverk, alt. B og D	24
3.6	Oppsummering restvassføring i Tverrelvi og Muggåselvi	25
3.7	Vassføringsforholda i Vosso	26
3.7.1	Alternativ A	27
3.7.2	Alternativ B	29
3.7.3	Alternativ C	29
3.7.4	Alternativ D	29
3.8	Konsekvensar av tilbakeføring av Harkavatnet	30
3.9	Konsekvensar for Askjelldalsvatnet	30
3.10	Konsekvensar av redusert utbygging av overføring	31
3.11	Andre prosjekt/ Sumverknader	31
4	REFERANSER	34
5	VEDLEGG	35

1 INNLEIING

I denne rapporten vert konsekvensane for overflatehydrologien ved kraftutbygging i Muggåselvi og Tverrelvi vurdert. Omfanget av konsekvensutgreiinga er bestemt av konsekvensutgreiingsprogrammet (KU-programmet) som er fastsett av NVE. Denne rapporten er grunnlag og inngangsdata for ei rekkje av dei andre tema i konsekvensutgreiinga.

1.1 Konsekvensutgreiingsprogram

Nedanfor er utdrag av konsekvensutprogrammet, gitt av NVE 12. juli 2011.

Hydrologi

De hydrologiske tema som omtales nedenfor skal ligge til grunn for de øvrige fagutredningene som skal gjennomføres som et ledd i konsekvensutredningsprosessen.

Overflatehydrologi (grunnlagsdata, vannførings og vannstandsendringer, restvannføringer)

Grunnlagsdata, vannførings- og vannstandsendringer, restvannføringer, flomforhold mm. skal utredes og presenteres i samsvar med NVEs veileder 3/2010 "Konsesjonshandsaming av vasskraftsaker", så langt det er relevant, jf. veilederens del IV, punkt 3.7.

Vannføringen før og etter utbygging skal fremstilles på kurveform for "reelle år" ("vått", "middels" og "tørt") på relevante punkter for alle alternativene. Relevante punkter vil være oppstrøms og nedstrøms alle bekkeinntak, inntak til og utløp av kraftstasjoner, samt berørt elvestrekning i Vosso. Det er viktig å fa utredet konsekvensen for dynamikken i vannføringen i Vosso på berørt strekning.

For hvert alternativ skal det angis hvor mange dager i året vannføringen er større enn største slukeevne og mindre enn minste slukeevne (tillagt planlagt minstevannføring) for de samme årene.

Det skal redegjøres for alminnelig lavvannføring, samt 5-persentilverdien for sommer (1/5-30/9) og vinter (1/10-30/4) på de berørte strekningene som grunnlag for å kunne fastsette minstevannføring.

Minstevannføring

Vurderingene bak eventuelle forslag til minstevannføring skal fremgå av KU. Det skal også begrunnes dersom det ikke foreslås å slippe minstevannføring. Ved vurderingen av minstevannføring skal det tas spesielt hensyn til virkninger på kulturlandskap inklusive fossepartier, biologisk mangfold, gyte- og oppvekstforhold for anadrom fisk i tillegg til generelle virkninger av fraføring av vann.

Forslag til minstevannføring skal tas inn i alle relevante hydrologiske beregninger og kurver og legges til grunn for vurderingene av konsekvenser for de øvrige fagtemaene. Dette gjelder også beregningene i forbindelse med produksjon og prosjektets økonomi som inngår i prosjektbeskrivelsen. Samtidig skal det gå fram av beregningene hva minstevannføringen ville ha gitt dersom vannet hadde vært nytt til produksjon.

Det skal tas bilder av de ulike berørte elvestrekningene på ulike tallfestede vannføringer.

Driftsvannføring

Det skal gis en beskrivelse av forventede hydrologiske konsekvenser (vannføringsforhold med mer) ut fra det planlagte driftsopplegget (tappestrategi, ev. effektkjøring) i de planlagte nye kraftverk og også i Evanger kraftverk som *følge* av overføringen.

Flommer

Flomforholdene skal vurderes basert på beregnede og/eller observerte flommer og det skal gis en vurdering av om skadeflommer øker eller minker i forhold til dagens situasjon.

Skadeflomvurderingene kan knyttes opp mot en flom med gjentaksintervall på 10 år (Q10) dersom det

reelle nivået for skadeflom i vassdraget er ukjent. Flomvurderingene skal også inneholde en beregning av middelflommen.

Når det gjeld tema "Vanntemperatur, isforhold og lokalklima" og "Grunnvann" er dette omtala og gjort greie for i konsesjonssøknaden.

1.2 Dagens situasjon

Nedbørsfeltene til Muggåselvi og Tverrelvi ligg i Voss kommune mellom Bulken og Evanger. Felta ligg på nordsida av elva Vosso og aust for Evangervatnet. Muggåselvi er i dag uregulert og har utløp i Vosso om lag 2 km frå Evangervatnet. Størstedelen av Tverrelvi sitt nedbørsfelt er og uregulert, men Harkavatnet i nord vart i 1971 overført til nedbørsfeltet til Grasdalen bekkeinntak som er eit av bekkeinntaka til Evanger kraftverk. Tverrelvi har utløp i Vosso om lag 6 km frå Evangervatnet.

1.2.1 Dagens reguleringar og kraftverk

Evangerutbygginga med tilhøyrande reguleringsanlegg består i dag av 3 kraftverk og ei rekke med magasin og overføringar. I dag vert det i hovudsak utnytta vatn frå 3 vassdrag i tilknytning til denne utbygginga: Eksingedalsvassdraget, Vossovassdraget (Teigdalselva og Tverrelvi) og Modalsvassdraget.

Frå Modalsvassdraget er det overført vatn frå Holskardvatnet, Øvre Sødalsvatnet og Kvanngrovvatnet til Askjelldalsvatnet. Etter utbygginga av Nygard pumpekraftverk i 2005 vart Skjerjevattnet ført frå Eksingedalsvassdraget til Modalsvassdraget. Frå Eksingedalsvassdraget er Vassøyane overført til Holskardvatnet. Holskardvatnet fungerer som reguleringsmagasin som vert tappa til Askjelldalsvatnet i Eksingedalsvassdraget. Askjelldalsvatnet er inntaksmagasinet til Evanger kraftverk. I tillegg er det mindre reguleringsmagasin til Evanger i Kvanndalsvatnet og Grøndalsvatnet, i Eksingedalsvassdraget. Det vert teke inn vatn på driftstunnelen til Evanger i ein rekke bekkeinntak i Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget

Piksvatnet og Volavatnet som ligg i Teigdalsvassdraget vert tappa gjennom Oksebotn kraftverk til inntaket i Eide-Fannadalen.

Harkavatnet som ligg i Tverrelvi (Vosso) er overført til bekkeinntaket i Grasdalen (Teigdalen).

Myster kraftverk i Eksingedalsvassdraget utnyttar restfeltet i Ekso.

Totalt utnyttar Evanger kraftverk eit nedbørsfelt på 233,1 km² inklusivt Oksebotn kraftverk som utnyttar 42,7 km². Myster kraftverk utnyttar eit felt på 208,8 km².

Tabell 1: Dagens kraftverk i Eksingedal- og Teigdalsvassdraget

Kraftverk	Midlare brutto fallhøgde	Slukeevne	Installert effekt	Midlare produksjon	I drift
Evanger	770	53,8	3*110	1267	1969
Oksebotn	125	10,5	11	44	1988
Myster	240	50	110	265	1987


Tabell 2: Nedbørsfelt i Eksingedal- og Teigdalsvassdraget

Nedbørsfelt i Evanger systemet	Areal (km ²)	Tilslig (mill m ³ /år)	Merknad	Vassdrag
Harkavatn	2.18	8.06	Overført til Grasdalen	Tverrelvi
Piksvatn	20.88	75.55	Reguleringsmagasin tappes til Volavatn	Teigdalsvassdraget
Kaldavatn	3,5		Overført til Volavatn	Teigdalsvassdraget
Volavatnet	21.84	80.77	Inntak Oksebotn kraftverk	Teigdalsvassdraget
Grasdalen	7.4	27.98	Bekkeinntak driftstunnel Evanger	Teigdalsvassdraget
Eide-Fannadal	7.59	27.64	Bekkeinntak driftstunnel Evanger	Teigdalsvassdraget
Bjørndalen	4.37	17.38	Bekkeinntak driftstunnel Evanger	Teigdalsvassdraget
Loneelva II (Ekse Torvedalen N)	0	0	Bekkeinntak driftstunnel Evanger	Ekso
Loneelva I (Ekse Torvedalen S)	8.19	29.03	Bekkeinntak driftstunnel Evanger	Ekso
Sørdalen	7.06	24.91	Bekkeinntak driftstunnel Evanger	Ekso
Kvitanosdalen	12.17	42.65	Bekkeinntak driftstunnel Evanger	Ekso
Torvedalen (Torvedalstjern)	11.07	35.37	Bekkeinntak driftstunnel Evanger	Ekso
Grøndalsvatn	32.25	98.27	Magsin på driftstunnel Evanger	Ekso
Eitro	3.67	11.13	Bekkeinntak driftstunnel Evanger	Ekso
Kvanndalsvatn	8.35	25.15	Magsin på driftstunnel Evanger	Ekso
Beinhelleren	1	2.8	Bekkeinntak driftstunnel Evanger	Ekso
Askjeldalsvatn	21.47	63.17	Inntaksmagasin Evanger	Ekso
Askjeldal V	1.4	4.12	Bekkeinntak tunnel Holskarvatn	Ekso
Askjeldal Ø	1	2.94	Bekkeinntak tunnel Holskarvatn	Ekso
Vassøyane	22.48	65.04	Overført til Holskarvatn	Ekso
Holskarvatn	29.78	88.26	Overført til Holskarvatn	Modalsvassdraget
Kvanngrøvatn	5.08	15.86	Overført til Holskarvatn	Modalsvassdraget
Ø. Sødalsvatn	3.92	12.86	Overført til Holskarvatn	Modalsvassdraget
Sum Evanger	233.1	759		

Tabell 3: Eksisterende reguleringar i tilknytting til Evanger, Myster og Oksebotn kraftverk

Magasin	HRV (kote)	LRV (kote)	Volum (mill m ³)
Askjeldalsvatnet	805	750	86,7
Kvanndalsvatnet	805	790	4
Grøndalsvatnet	782	749	26,8
Vassøyane*)	865,5	851*	20,1*
Nesvatnet	257,3	255,0	0,45
Kvanngrøvatnet	865,5	854	4,4
Holskardvatnet	865,5	796	236,7
Volavatnet	934	902	56,6
Piksvatnet	960	948	12,7

* Vassøyane er permanent oppdemt



Figur 1: Oversiktskart, område med grå skravur er nedbørsfelt som i dag vert utnytta i Evanger kraftverk.

Frå Vossovassdraget er det tillegg fråført vatn frå sidevassdraget Torfinno til Bergsdalsvassdraget. Det er nokre små og minikraftverk i vassdraga, men dette prosjektet vil ikkje råke desse kraftverka.

1.2.2 Flaumhistorikk

Det er ikkje mange kjente ekstreme flaumtilfeller i korkje Tverrelvi eller Muggåselvi, men det har vorte gjort forbyggingsarbeid etter flaumskadar på flatene ved Fljote.

1.3 Utbyggingsplanar


Nedanfor følgjer ei kort skildring av utbyggingsplanane for kvart alternativ. For meir detaljert omtale visast til konsesjonssøknaden. Det er inngått avtale med dei fleste av grunneigarane langs Tverrelvi og Muggåselvi om utbygging. Avtalen som er inngått omfattar følgjande fire alternativ, i prioritert rekkjefølgje:

1.3.1 Alternativ A - Overføring til Evanger og Skorve kraftverk

Tilsiget frå øvre delar av Tverrelvi og Muggåselvi frå kote 805 skal overførast til driftstunnelen til Evanger kraftverk. Tunnelen skal drivast frå eit tverrslag i Mokedalen. I Tverrelvi vert det inntak i 2 bekkar i Mustdalen, bekken frå Harkavatnet, bekken frå Vetlavatnet, elva i Raudbergdalen og elva i Fangdalen. Den eksisterande overføringa av Harkavatnet til Grasdalen bekkaintak (Evanger kraftverk) vert stengt og Harkavatnet vert då ført attende til Tverrelvi sitt nedbørsfelt og vatnet vert teke inn på overføringstunnelen i inntaket i bekken frå Harkavatnet. Muggåselvi vert teke inn på tunnelen i ein kort avgreining frå overføringstunnelen. Overføringstunnelen vert totalt litt over 8 km. Samla vil det verte overført 15,1 km² frå Tverrelvi sitt opphavlege nedbørsfelt og 1,6 km² frå Muggåselvi sitt nedbørsfelt til Evanger kraftverk.

Restfelta i Tverrelvi og Muggåselvi nedanfor kote 805 (ca 26 km²) skal utnyttast i eit fall frå ca. kote 355 til ca. kote 25 i Vosso. Det vert inntak i kvar av elvane med ein felles kraftstasjon. Kraftverket vert

uregulert, og vassvegane vert liggjande i fjell. Totalt må det byggjast om lag 2,7 km med tunnel. Kraftstasjonen skal plasserast i dagen aust for Skorve og like vest for avkøyringa til Kvilekvål.




Figur 2: Oversikt alternativ A

1.3.2 Alternativ B - Overføring til Evanger, Tverrelvi kraftverk og Muggåselvi kraftverk

Tilsiget frå øvre delar av Tverrelvi og Muggåselvi frå kote 805 skal overførast til driftstunnelen til Evanger kraftverk. Tunnelen skal drivast frå eit tverrslag i Mokedalen. I Tverrelvi vert det inntak i 2 bekkar i Mustdalen, bekken frå Harkavatnet, bekken frå Vetlavatnet, elva i Raudbergsdalen og elva i Fangdalen. Den eksisterande overføringa av Harkavatnet til Grasdalen bekkeinntak (Evanger kraftverk) vert stengt og Harkavatnet vert då ført attende til Tverrelvi sitt nedbørfelt og vatnet vert teke inn på overføringstunnelen i inntaket i bekken frå Harkavatnet. Muggåselvi vert teke inn på tunnelen i ein kort avgreining frå overføringstunnelen. Overføringstunnelen vert totalt litt over 8 km. Samla vil det verte overført 15,1 km² frå Tverrelvi sitt opphavlege nedbørfelt og 1,6 km² frå Muggåselvi sitt nedbørfelt til Evanger kraftverk.

Restfelta i Tverrelvi og Muggåselvi nedanfor kote 805 vert utnytta i kvar sine respektive fall, frå ca. kote 355 til ca. kote 50 i Tverrelvi og frå ca. kote 380 til ca. kote 25 i Muggåselvi. Det vert såleis to separate kraftverk, Tverrelvi kraftverk og Muggåselvi kraftverk.


I Tverrelvi vert trykkryret nedgravd mellom inntaket og kraftstasjonen. Ved Muggåselvi kraftverk vil vassvegen verte bygt med ein kombinasjon av nedgrave røyr og sjakt. Begge kraftstasjonane vert plassert i dagen.



Figur 3: Oversiktskart alternativ B

1.3.3 Alternativ C - Skorve kraftverk


Det vert inga tilleggsoverføring til Evanger kraftverk. Nedbørfelta til Tverrelvi og Muggåselvi skal utnyttast frå ca. kote 355 til ca. kote 25 i Vosso i felles kraftstasjon som omtala under alternativ A



Figur 4: Oversiktskart alternativ C

1.3.4 Alternativ D - Tverrelvi kraftverk og Muggåselvi kraftverk

Det vert inga tilleggsoverføring til Evanger kraftverk. Nedbørfelta til Tverrelvi og Muggåselvi skal utnyttast i kvar sine fall, frå ca. kote 355 til ca. kote 50 i Tverrelvi og frå ca. kote 380 til ca. kote 25 i Muggåselvi på same måten som omtala under alternativ B.



Figur 5: Oversiktskart alternativ D

2 METODIKK

Produksjonssimuleringane er gjennomført ved hjelp av programma VANSIMTAP og nMag. Resultatet frå simuleringane er vidare analysert vha bruk av rekneark. Det er i tillegg i 2010 etablert ein målestasjon i Tverrelvi for å dokumentere vassføringsforholda i vassdraga.

2.1 Simuleringsprogrammet VANSIMTAP

Produksjonssimuleringane av overføringa til Evanger er gjort i programmet VANSIMTAP, som er utvikla av Sintef Energiforskning. Dette er eit modulbasert simuleringsverktøy for optimalisering av energiproduksjon i forhold til verdi av magasinering av vatn (Vannverdi-simulering). Input i programmet er fysisk omtale av vassdraga som inngår i modellen med effektkurver for kraftverk, fallhøgder, magasinkurver mv. Kjente restriksjonar og forslag til manøvreringsreglement er også lagt inn i modellane. For å representera tilsiget til dei enkelte modulane i modellen er det nytta historiske dataseriar for uregulerte vassdrag. Ved val av dataseriar er det omsyneteke at dataseriar skal ha mest mogleg samanfallande felleigenskap som dei nedbørsfelta som modulen representerer.

Fordelen med modellen er at denne er markedsbasert og tek omsyn til eventuelle faste kontraktar på kjøp/sal av elektrisk kraft. Ulempa med modellen er at den simulerer med vekesverdiar, og dette medfører at flaumar og lågvassperiodar ikkje nødvendigvis vert modellert godt nok. Ein tilsvarande modell som er nytta i vurderingane i denne rapporten, vert også nytta til langsiktig produksjonsplanlegging i BKK.

Modellen viser seg å simulera faktisk oppnådd produksjonsvolum i kraftverka ganske godt. Simuleringane gir dermed eit godt estimat på representative produksjonsvolum ved dei forskjellige situasjonane.

2.2 Simuleringsprogrammet nMAG

Produksjonssimuleringane av elvekraftverka i nedre del av vassdraga er gjort ved bruk av simuleringsprogrammet nMag og er simulert med døgnoppløysing på data.

2.3 Hydrologiske data


2.3.1 Observerte data

BKK etablerte den 3. mai 2010 ein hydrologisk målestasjon i Tverrelvi ved Edal, oppstraums planlagt kraftverksinntak, for å dokumentere vassføringar i elva og kontrollere korrelasjon mellom Tverrelvi og utvalde referansestasjonar som er nytta ved produksjonssimuleringane. Plasseringa av målestasjonen går fram av kartutsnittet på Figur 6. Målestasjonen og analyse av data er omtala i eit eige notat, jf. vedlegg 6. Foreløpig analyse av om lag eit år med observasjonsdata frå målestasjonen viser god korrelasjon med både vassmerka 62.18 Svartavatn i Tysseelvi/Vossovassdraget og 63.12 Fjellanger i Eksingedalsvassdraget, jamfør vedlagt notat i vedlegg 6. For referansepunkt i Vosso vert vassmerket VM 62.5 Bulken som ligg lengre oppstrøms i Vossovassdraget nytta då denne målestasjonen dekker størstedelen av Vossovassdraget.

Tabell 4: Karakteristiske feltparametre for uregulerte felt. Parametrane er bestemt ved hjelp av digitalt N50 kart og NVE sitt avrenningskart for Noreg perioden 1961-1990. Utrekna for felt til inntaket ved kote 355.

Feltparameter / Nedbørfelt	Tverrelvi u/Harkavatnet	Tverrelvi m/Harkavatnet	Muggåselvi
Feltareal [km ²]	31,3	33,4	5,6
Tilsig [mill. m ³ /år]	101,7	109,6	16,7
Middelvassføring [m ³ /s]	3,2	3,5	0,5
Spesifikk avrenning [l/s km ²]	103,0	104,0	94,6
Snaufjell [%]	> 75	> 75	> 85
Sjøprosent [%]	0,8	1,8	3,0
Effektiv sjøprosent [%]	~ 0,0		1,6
Breandel [%]	0,9	0,8	0,0
H _{min} [moh]	355	355	355
H ₅₀ [moh]	920		870
H _{maks} [moh]	1327	1327	1140
Feltakse [km]	8	8	4

2.3.2 Referansedata



Figur 6: Hydrologiske målestasjoner som er nytta i vurderingane

Kartet (figur 6) viser dei aktuelle målestasjonane med nedbørfelt som er vurdert i samband med prosjektet, og tabell 5 viser dei felteigenskapane som er vektlagt for å bestemme kva referanseserie som skal nyttast for kvart enkelt delfelt.

Tabell 6: Felldata for nytta referanseseriar for uregulert vassføring. Data er henta frå HYSOPP i NVE sitt databasesystem Hydra II.

Feltparameter / Stasjon	VM 61.8 Kaldåen	VM 62.18 Svartavatn	VM 63.12 Fjellanger	VM 62.5 Bulken
Feltareal [km ²]	15,9	72,3	12,8	1092,0
Snaufjell [%]	93	65	86	54
Sjøprosent [%]	2,1	3,1	4,6	3,5
Effektiv sjøprosent [%]	0,1	0,3	-	0,9
Breandel [%]	0,0	0,0	0,0	0,4
H _{min} [moh]	579	219	401	47
H ₅₀ [moh]	884	754	913	867
H _{maks} [moh]	1128	1109	1206	1602
Periode nytta i vurderingane	1988-2010	1988-2010	1995-2010	1930-2010
Spesifikk avrenning frå avrenningskart [l/s·km ²]	107	104	87	65
Spesifikk avrenning for analyseperiode [l/s·km ²]	101	112,3	94	61 63 ²

¹Spesifikk avrenning for perioden 1961–1990 frå NVEs avrenningskart for Noreg.

²Observerte gjennomsnitt for 1961-1990.

Ved analyse av VM 62.5 Bulken som har data tilbake til 1890 talet, viser at det er ei svak auke i gjennomsnittleg tilsig (30 års bolkar). Både observasjonar i Svartavatnet og Fjellanger viser noko større tilsig enn kva avrenningskartet viser. Det er likevel valt å halde på det som avrenningskartet viser i normalperioden som underlag for analysane som er gjort.

Vurdering av felldata i tabell 4 mot dei vurderte dataseriane i tabell 5, tilseier at dataserien for 63.12 Fjellanger passer til å representere avrenningskarakteristikken til Muggåselvi og dataserien for 62.18 Svartavatnet til å representere avrenningskarakteristikken til Tverrelvi. Observasjonane frå målestasjonen i Tverrelvi underbygger dette. I vedlegg 11 er det vist karakteristiske data og varighetskurve for dei vurderte målestasjonane


2.4 Referansepunkt for vassføring

I høve til KU-programmet skal vassføringsforholda før og etter utbygging visast for relevante punkt for alle alternativa. I tabell 7 er det lista referansepunkta for vassføring som vert utgreia, og utvalet av punkt vil verte grunnleggjande nedanfor. Referansepunkta er vist på Figur 7. Tabell 8 viser kva for alternativ referansepunkta gjeld. Det er gjort vurderingar for referansepunkt i Tverrelvi og Muggåselvi rett nedstrøms dei sju bekkeinntaka for å vise midlare vassføring før og etter utbygging. I tillegg er det gjort vurderingar i Tverrelvi ved Kvitlastølen og Lauvdalen og i Muggåselvi ved Muggåsstølen.

Det er vurdert referansepunkt i Tverrelvi og Muggåselvi rett nedstrøms inntaka til kraftverka og rett oppstrøms utløpet frå kraftverka. Det er valt å vise vassføringa ved tre situasjonar, slik kan ein sjå kva verknad kraftverka og overføringa har av konsekvensar for vassføringsforholda i elvane:

1. før overføring og kraftverk, (dvs dagens situasjon)
2. etter overføring, men før kraftverk
3. etter både kraftverk og overføring.

I tillegg er det gjort vurderingar for 2 stadar i Vosso: Ved innløpet i Skorvehølen og like nedstrøms samløpet med Muggåselvi



Figur 7: Plassering av referansepunkt. Her vist med alternativ A.

Tabell 9: Referansepunkt for vassføring, tall refererer seg til delfelt og lokaltilsig

Referansepunkt	Areal [km ²]	Tilsig [mill. m ³ /år]	Fullstendig utgreiing ¹	Utgreiing ²	Gjeld alternativ
Tverrelvi; bekkeinntak v/Fangdalen	3,3	12,5		X	A og B
Tverrelvi; bekkeinntak v/Raudbergsdalen	4,1	17,2		X	A og B
Tverrelvi; bekkeinntak v/Vetlavatnet	0,8	2,7		X	A og B
Tverrelvi; bekkeinntak v/Bekk Harkavatn, eks Harkavatnet	2,1	7,9		X	A og B
Tverrelvi; bekkeinntak v/Bekk Mustdalen II	0,3	1,1		X	A og B
Tverrelvi; bekkeinntak v/Bekk Mustdalen I	2,4	8,8		X	A og B
Tverrelvi v/Kvitlastølen (etter overføring)	2,5	7,3	X	X	A og B
Tverrelvi v/Lauvdalen (etter overføring)	3,9	13,0	X	X	A og B
Tverrelvi v/Edal, like nedstrøms inntak til kraftverk	18,2 ³	50,7 ³	X	X	A og B
	31,3	101,7			C og D
Tverrelvi like oppstrøms Tverrelvi kraftverk	3,8	5,8	X	X	Alle
Muggåselvi; bekkeinntak	1,6	5,5		X	A og B
Muggåselvi v/Muggåsstølen (etter overføring)	3,4 ³	9,9 ³	X	X	A og B
Muggåselvi like nedstrøms inntak til kraftverk	3,9 ³	10,7 ³	X	X	A og B
	5,6	16,7			C og D
Muggåselvi like oppstrøms Muggåselvi kraftverk	1,1	1,5	X	X	Alle

¹Fullstendig utgreiing: kurver for vassføringsvariasjonar før og etter; ekstremverdiar for vasstand og vassføring; restvassføring for aktuelle strekningar for tørt, middels og vått år; utrekning av alminneleg lågvassføring og 5-persentilar.

²Utgreiing: midlare vassføring før og etter utbygging og restvassføring i prosent.

³Utan areal/overløp frå ovenforliggjande felt.

2.5 Karakteristiske vassføringar

For Tverrelvi og Muggåselvi er karakteristiske lågvassføringar, dvs alminneleg lågvassføring og 5-persentilar (sommar/vinter) utrekna/estimert ved hjelp av referanseseriar og LAVVANN, sjå tabell 10 og tabell 11. Skorve kraftverk er sum av Muggåselvi og Tverrelvi ved kote 355.


Tabell 12: Karakteristiske lågvassføringar ved inntaka til kraftverka i Tverrelvi og Muggåselvi, utrekna vha LAVVANN og ved skalering av referanseseriane VM 62.18 Svartevatn og VM 63.12 Fjellanger.

Parameter			Tverrelvi (alt B og D)	Muggåselvi (alt B og D)	Skorve (alt. A og C)
Utrekna vha LAVVANN	Midlare 7-døgns lågvassføring [m ³ /s]	Sommar	0,408	0,071	
		Vinter	0,291	0,072	
	Alminneleg lågvassføring [m ³ /s]		0,256	0,063	
Utrekna vha referanseserie	5-persentil [m ³ /s]	Sommar	0,262	0,054	0,304
		Vinter	0,094	0,032	0,109
	Alminneleg lågvassføring [m ³ /s]		0,121	0,035	0,140
	Referanseserie		VM 62.18 Svartevatn	VM 63.12 Fjellanger	VM 62.18 Svartevatn

Tabell 13: Karakteristiske lågvassføringar ved referansepunkt i Tverrelvi og Muggåselvi. Utrekna på grunnlag av dagens situasjon utan overføring:

Referansepunkt	Q alm (l/s)	5-persentil sommar (l/s)	5-persentil vinter (l/s)	Referanseserie
Muggåselvi rett nedstrøms bekkeinntak	12	18	11	Fjellanger
Bekk Mustdalen I	10	23	8	Svartavatn
Bekk Mustdalen II	1	3	1	Svartavatn
Bekk Harkavatn, eks Harkavatnet	9	20	7	Svartavatn
Vetlavatnet	3	7	2	Svartavatn
Raudbergsdalen	20	44	16	Svartavatn
Fangdalen	15	32	12	Svartavatn
Mugåsstølen	34	51	30	Fjellanger
Kvitlastølen	20	44	16	Svartavatn
Lauvdalen	51	111	39	Svartavatn

Erfaringsmessig viser det seg at bruk av LAVVANN overestimerer lågvassføringar i små felt. Observasjonane i Tverrelvi samanhalde med dei valde referanseseriane viser god korrelasjon. Det er difor valt å bruke referanseseriane som grunnlag for fastsetjing av lågvassføringane.



Figur 8: Gjennomsnittleg vassføring i forhold til årleg middelvassføring for aktuelle dataserier

Figur 9 over viser at dei ulike referanseseriane har nokonlunde lik variasjon i forhold til gjennomsnittsvassføringa, og at dei små felte har raskare respons og variasjonar enn kva Bulken målestasjon har. Sjå også vedlegg 11.

3 RESULTAT OG KONSEKVENSA

3.1 Føresetnader

Tilleggsoverføringa til Evanger kraftverk er simulert i VANSIMTAP og kraftverka er simulert i nMag.

Ved utbygging av overføringa i øvre del (Alternativ A og Alternativ B) er det planlagt minstevassføring frå:

1. Inntaket i Mustdalen I (Vest) på 65 l/s i perioden 1.juni til 30. september og 10 l/s i resten av året.
2. inntaket i Fangdalen på 30 l/s i perioden 1. juni til 30.september og 15 l/s resten av året.
3. Inntaket i Raudbergsdalen på 35 l/s i perioden 1.juni til 30. september og 20 l/s resten av året.

Ved utbygging av kraftverk i nedre del (alle alternativ) er det planlagt å sleppa minstevassføring frå inntaka til kraftverka. I produksjonsutrekningane er det lagt inn ei minstevassføring tilsvarande 5-persentilen høvesvis vinter og sommar frå kraftverksinntaket i Tverrelvi og alminneleg lågvassføring heile året frå kraftverksinntaket i Muggåselvi.

Bekkeinntaka er førebels vurdert med ein teoretisk kapasitet på 5 x middelvassføring. I estimeringa av vassføring nedstrøms bekkeinntaka i Tverrelvi, er overløp og minstevassføring frå bekkeinntaka teke med. For Muggåselvi er det førebels ikkje teke omsyn til avgrensa kapasitet i bekkeinntaket.

I produksjonssimuleringane av kraftverka i nedre del av vassdraget, er det ikkje teke omsyn til avgrensa kapasitet i bekkeinntaka. I simuleringane har ein difor avgrensa tilsigsarealet til nedstrøms bekkeinntaka. I situasjonar med overløp i bekkeinntaka, er tilsiget i feltet så stort, at kraftverket har maksimal last. Vi meiner at det er relativt sjeldan det er overløp frå bekkeinntaka og at voluma er totalt sett små og derfor er ikkje dette bidraget vektlagt i utgreiingane for strekningane nedanfor inntak til kraftverka i nedre del av elvane.

3.2 Resultat frå produksjonssimulering

I dei neste avsnitta er resultat frå produksjonssimuleringar for dei ulike alternativa.

Vassføringsforholda ved dei ulike referansepunkta og inntaksstadane er omtalt i kapittel 3.3, 3.4, 3.5 og 3.7. Vassføringskurver er vist i vedlegg 7 og 8

3.2.1 Alternativ A – Overføring til Evanger og Skorve kraftverk

Skorve kraftverk er simulert med VM 62.18 Svartavatn. Slukeevna på kraftverket er satt til 4,9 m³/s som gir ein effekt på 13,5 MW. Det er ikkje gjort eiga utrekning på fordelinga av sommar- og vinterproduksjon på den auka produksjonen i eksisterande kraftverk.

Tabell 14: Resultat av produksjonssimuleringar med ulike krav til minstevassføring. Talla i parentes angir prosentandelen av totaltilsiget.

		Minstevassførings- scenarier	Inga minste- vassføring	Qalm sommar	Qalm hele året	Qalm vinter og 2x Qalm sommar	5-persentil	
Produksjon	Overføring	Sommarproduksjon [GWh]						
		Vinterproduksjon [GWh]						
		Produksjonsauke i Evanger [GWh]	88	84,2*				
		Brukstid [timar]						
	Skorve kraftverk	Sommarproduksjon [GWh]	23,0	21,8	21,7	20,5	20,4	
		Vinterproduksjon [GWh]	16,8	16,8	15,3	15,3	15,6	
		Produksjon [GWh]	39,8 (83,1 %)	38,6 (80,5 %)	37,0 (77,1 %)	35,8 (74,7 %)	36,0 (76,1 %)	
		Brukstid [timar]	2942	2850	2731	2645	2658	
	Total produksjon [GWh]		127,8	122,8	121,2	120	120,2	
	Flaum og forbitapping	Tverrelvi	Flaum [mill. m ³ /år]	7,9 (12,9 %)	7,8 (12,7 %)	7,6 (12,4 %)	7,4 (12,1 %)	7,4 (12,1 %)
			Forbitapping pga lågt tilsig [mill. m ³ /år]	0,7 (1,2 %)	0,7 (1,2 %)	0,7 (1,1 %)	0,6 (1,0 %)	0,6 (1,0 %)
			Forbitapping til minste- vassføring [mill. m ³ /år]	0,0 (0,0 %)	1,5 (2,4 %)	3,5 (5,6 %)	4,9 (8,0 %)	4,7 (7,6 %)
Muggås		Flaum [mill. m ³ /år]	1,7 (2,8 %)	1,6 (2,7 %)	1,6 (2,6 %)	1,6 (2,6 %)	1,6 (2,6 %)	
		Forbitapping til minste- vassføring [mill. m ³ /år]	0,0 (0,0 %)	0,3 (0,5 %)	0,7 (1,2 %)	1,0 (1,7 %)	1,0 (1,6 %)	

*Basert på minstevassføring frå bekkeinntaka i Raudberget, Fangdalen og Mustdalen I.

Forslaget til minstevassføring frå bekkeinntaka som omtala under kap 3.1 tilsvarar eit volum på 2,2 mill. m³/år. Ved å bruke energiekvivalenten for Evanger kraftverk utgjer dette volumet ein reduksjon i produksjon på 3,7 GWh (2,2 mill m³ * 1,71 kWh/m³) i Evanger. Produksjonsauken pga overføringa vert såleis redusert frå 88 GWh til 84,2 GWh.

3.2.2 Alternativ B – Overføring til Evanger, Tverrelvi kraftverk og Muggåselvi kraftverk

Tverrelvi kraftverk er simulert med VM 62.18 Svartavatn og Muggåselvi kraftverk er simulert med VM 63.12 Fjellanger. Tverrelvi kraftverk (TK) er simulert med slukeevne på 4,0 m³/s og effekt på 10,2 MW. Muggåselvi kraftverk (MK) er simulert med slukeevne på 0,9 m³/s og effekt på 2,6 MW.

Tabell 15: Resultat av produksjonssimuleringar med ulike krav til minstevassføring. Tall i parentes angir prosentdel av total tilsiget

		Minstevassføring	Inga minste- vassføring	Qalm sommar	Qalm hele året	Qalm vinter og 2x Qalm sommar	5-persentil	
Produksjon	Overføring	Sommarproduksjon [GWh]						
		Vinterproduksjon [GWh]						
		Produksjonsauke i Evanger [GWh]	88	84,2				
		Brukstid [timar]						
	Tverrelvi kraftverk	Sommarproduksjon [GWh]	17,8	16,8	16,7	15,8	15,7	
		Vinterproduksjon [GWh]	13,0	13,0	11,8	11,8	12,1	
		Produksjon [GWh]	30,8 (83,0 %)	29,8 (80,2 %)	28,5 (77,8 %)	27,5 (74,3 %)	27,7 (74,7 %)	
		Brukstid [timar]	3006	2909	2781	2692	2707	
	Muggåselvi kraftverk	Sommarproduksjon [GWh]	4,7	4,4	4,4	4,1	4,3	
		Vinterproduksjon [GWh]	2,6	2,6	2,2	2,2	2,3	
		Produksjon [GWh]	7,3 (84,7 %)	7,0 (82,4 %)	6,6 (76,4 %)	6,3 (73,6 %)	6,6 (75,7 %)	
		Brukstid [timar]	2862	2729	2554	2460	2558	
	Totalproduksjon [GWh]		126,1	121	119,3	118	118,5	
	Flaum og forbitapping	Tverrelvi	Flaum [mill. m ³ /år]	8,0 (15,9 %)	7,8 (15,5 %)	7,7 (15,1 %)	7,5 (14,8 %)	7,5 (14,8 %)
			Forbitapping pga lågt tilsig [mill. m ³ /år]	0,6 (1,2 %)	0,6 (1,2 %)	0,5 (1,1 %)	0,5 (1,0 %)	0,5 (1,0 %)
			Forbitapping til minste- vassføring [mill. m ³ /år]	0,0 (0,0 %)	1,6 (3,1 %)	3,6 (7,1 %)	5,1 (10,0)	4,8 (9,5 %)
Muggåselvi		Flaum [mill. m ³ /år]	1,5 (13,6 %)	1,4 (12,8 %)	1,3 (12,4 %)	1,3 (11,9 %)	1,3 (12,3 %)	
		Forbitapping pga lågt tilsig [mill. m ³ /år]	0,2 (1,7 %)	0,2 (1,6 %)	0,1 (0,8 %)	0,1 (0,8 %)	0,1 (1,0 %)	
		Forbitapping til minste- vassføring [mill. m ³ /år]	0,0 (0,0 %)	0,5 (4,8 %)	1,2 (11,1 %)	1,6 (14,5 %)	1,2 (10,9 %)	

* Basert på minstevassføring frå bekkeinntaka i Raudberget, Fangdalen og Mustdalen I.

Forslaget til minstevassføring frå bekkeinntaka som omtala under kap 3.1 tilsvarar eit volum på 2,2 mill. m³/år. Ved å bruke energiekvivalenten for Evanger kraftverk utgjer dette volumet ein reduksjon i produksjon på 3,7 GWh (2,2 mill m³ * 1,71 kWh/m³) i Evanger. Produksjonsauken pga overføringa vert såleis redusert frå 88 GWh til 84,2 GWh.

3.2.3 Alternativ C – Skorve kraftverk

Skorve kraftverk er simulert med VM 62.18 Svartavatn og med ei slukeevne på 9,4 m³/s og ein effekt på 26,1 MW.

Tabell 16: Resultat av produksjonssimuleringar med ulike krav til minstevassføring Tall i parentes angir prosentdel av total tilsiget.

Minstevassføring		Inga minste- vassføring	Qalm sømmar	Qalm hele året	Qalm vinter og 2x Qalm sømmar	5-persentil	
Produksjon	Sømmarproduksjon [GWh]	44,3	43,1	43,0	41,8	41,6	
	Vinterproduksjon [GWh]	32,4	32,4	30,8	30,8	31,2	
	Total produksjon [GWh]	76,8 (83,1 %)	75,5 (81,7 %)	73,8 (81,1 %)	72,6 (78,5 %)	72,8 (78,7 %)	
	Brukstid [timar]	2937	2888	2824	2777	2783	
Flaum og forbitapping	Tverrelvi	Flaum [mill. m ³ /år]	16,0 (13,6 %)	15,8 (13,4 %)	15,6 (13,3 %)	15,5 (13,1 %)	15,5 (13,1 %)
		Forbitapping pga lågt tilsig [mill. m ³ /år]	1,4 (1,2 %)	1,4 (1,2 %)	1,3 (1,1 %)	1,3 (1,1 %)	1,4 (1,1 %)
		Forbitapping til minste- vassføring [mill. m ³ /år]	0,0 (0,0 %)	1,6 (1,3 %)	3,7 (3,2 %)	5,3 (4,5 %)	5,0 (4,3 %)
	Muggås	Flaum [mill. m ³ /år]	2,6 (2,2 %)	2,5 (2,1 %)	2,5 (2,1 %)	2,5 (2,1 %)	2,5 (2,1 %)
		Forbitapping til minste- vassføring [mill. m ³ /år]	0,0 (0,0 %)	0,3 (0,2 %)	0,6 (0,5 %)	0,8 (0,7 %)	0,8 (0,7 %)

3.2.4 Alternativ D – Tverrelvi kraftverk og Muggåselvi kraftverk

Tverrelvi kraftverk er simulert med VM 62.18 Svartavatn, og Muggåselvi kraftverk er simulert med VM 63.12 Fjellanger. Tverrelvi kraftverk er simulert med ei slukeevne på 7,3 m³/s og ein effekt på 18,8 MW. Muggåselvi kraftverk er simulert med ei slukeevne på 1,3 m³/s og ein effekt på 3,6 MW.

Tabell 17: Resultat av produksjonssimuleringar med ulike krav til minstevassføring. Tall i parentes angir prosentdel av total tilsiget.

		Minstevassføring	Inga minste- vassføring	Qalm sommar	Qalm hele året	Qalm vinter og 2x Qalm sommar	5-persentil	
Produksjon	Tverrelvi kraftverk	Sommarproduksjon [GWh]	34,7	33,7	33,7	32,7	32,6	
		Vinterproduksjon [GWh]	25,5	25,5	24,2	24,2	24,5	
		Produksjon [GWh]	60,3 (80,4 %)	59,3 (80,1 %)	57,9 (77,3 %)	57,0 (77,0 %)	57,1	
		Brukstid [timar]	3208	3155	3083	3032	3041	
	Muggåselvi kraftverk	Sommarproduksjon [GWh]	7,0	6,7	6,6	6,4	6,6	
		Vinterproduksjon [GWh]	3,9	3,9	3,4	3,4	3,5	
		Produksjon [GWh]	10,9 (83,2 %)	10,5 (80,7 %)	10,1 (77,1 %)	9,8 (75,2 %)	10,1 (77,3 %)	
		Brukstid [timar]	3016	2922	2794	2725	2800	
	Total produksjon [GWh]		71,2	69,8	68,0	66,8	67,2	
	Flaum og forbitapping	Tverrelvi	Flaum [mill. m ³ /år]	18,9 (18,6 %)	18,6 (18,3 %)	18,4 (18,1 %)	18,2 (17,9 %)	18,2 (17,9 %)
			Forbitapping pga lågt tilsig [mill. m ³ /år]	1,0 (1,0 %)	1,0 (1,0 %)	0,9 (0,9 %)	0,9 (0,9 %)	1,0 (0,9 %)
			Forbitapping til minste- vassføring [mill. m ³ /år]	0,0 (0,0 %)	1,6 (1,6 %)	3,7 (3,6 %)	5,2 (5,2 %)	5,0 (4,9 %)
Muggåselvi		Flaum [mill. m ³ /år]	2,5 (15,2 %)	2,4 (14,6 %)	2,3 (14,3 %)	2,3 (13,9 %)	2,3 (14,3 %)	
		Forbitapping pga lågt tilsig [mill. m ³ /år]	0,3 (1,6 %)	0,2 (1,5 %)	0,2 (1,0 %)	0,2 (0,9 %)	0,2 (1,1 %)	
		Forbitapping til minste- vassføring [mill. m ³ /år]	0,0 (0,0 %)	0,5 (3,2 %)	1,2 (7,6 %)	1,6 (9,9 %)	1,2 (7,3 %)	

3.3 Restvassføringer overfor planlagde inntak til kraftverk i Tverrelvi og Muggåselvi

Rett nedstrøms bekkeinntaka som det ikkje vert slept minstevassføring frå, vil det etter utbygging berre vere sporadiske overløp når enten vassføringa er større enn det som bekkeinntaka er dimensjonert for å sluke unna eller når vasstanden i Askjelldalsvatnet er over HRV. Volumet som vil renne over er totalt sett lite.

Av det tilgjengelege tilsiget (50,3 mill m³) til bekkeinntaka i Tverrelvi vert 46,1 mill m³/år overført til Evanger, 2,2 mill m³/år vert tappa forbi som minstevassføring og 2,1 mill m³/år er estimert å vere overløp på bekkeinntaka.

Det vil ikkje vere skilnad på Alternativ A eller B ned til planlagde inntak for småkraftverk i nedre del. Sjå også tabell og kurver i vedlegg 7.

Tabell 18: Restvassføringer (gjennomsnitt i m³/s) i Tverrelvi og Muggåselvi overfor planlagde inntak til kraftverk, før og etter overføringa av øvre delar til Evanger kraftverk (Alternativ A og B)

Referansepunkt \ Vassføring		Gjennomsnittsverdiar (m ³ /s)		
		Året	Sommar	Vinter
Tverrelvi – rett nedstrøms bekkeinntak v/Fangdalen (minstevassføring 30 l/s i perioden 1. juni til 30.september og 15 l/s resten av året)	Før	0,40	0,49	0,33
	Etter	0,04	0,06	0,02
Tverrelvi – rett nedstrøms bekkeinntak v/Raudbergdalen Fangdalen (minstevassføring 35 l/s i perioden 1. juni til 30.september og 20 l/s resten av året)	Før	0,55	0,68	0,45
	Etter	0,02	0,01	0,03
Tverrelvi – rett nedstrøms bekkeinntak v/Vetlavatnet	Før	0,09	0,11	0,07
	Etter	~0	~0	~0
Tverrelvi – rett nedstrøms bekkeinntak v/bekk Harkavatn	Før	0,25	0,31	0,21
	Etter	0,01	0,01	0,01
Tverrelvi – rett nedstrøms bekkeinntak v/bekk Mustdalen II	Før	0,03	0,04	0,03
	Etter	~0	~0	~0
Tverrelvi – rett nedstrøms bekkeinntak v/bekk Mustdal I (minstevassføring 65 l/s i perioden 1. juni til 30.september og 10 l/s resten av året)	Før	0,28	0,35	0,23
	Etter	0,03	0,06	0,01
Tverrelvi ved Kvitlastølen	Før	0,55	0,68	0,45
	Etter	0,27	0,34	0,21
Tverrelvi ved Lauvdalen	Før	1,35	1,69	1,11
	Etter	0,47	0,55	0,39
Muggåselvi – rett nedstrøms bekkeinntak*	Før	0,17	0,25	0,12
	Etter	~0	~0	~0
Muggåselvi – ved Muggåsstølen*	Før	0,49	0,71	0,33
	Etter	0,31	0,45	0,21

*Utrekna utan bidrag frå eventuelle overløp frå bekkeinntaket

3.4 Restvassføringer i nedre del av Tverrelvi

Ved utbygging av Skorve kraftverk vil vatn frå kote 355 i begge elvane verte nytta i ein felles kraftstasjon. Dette gjeld alternativ A og C. Skorve kraftverk vil få utløp i Vosso på om lag på kote 25.

Ved utbygging av separate kraftverk i elvane vil Tverrelvi verte utnytta mellom kote 355 og 40. Tverrelvi kraftverk vil ha avløp ut i Tverrelvi før samløpet med Vosso.

3.4.1 Tverrelvi ved inntak til Skorve kraftverk, alt. A

For alternativ A er det planlagd fråført 13,1 km² frå øvre del, dette tilsvarar 40 % av arealet i Tverrelvi ved kote 355.

Skorve kraftverk er planlagd med ei maksimal slukeevne på 4,9 m³/s. Dette er 2,5 x Qmid til Skorve kraftverk. Midlare lokaltilsig i Tverrelvi ved inntaket er 50,7 mill m³/år etter frå føringa i øvre del. Det i vurderingane forutsatt at 82 % av driftsvassføringa til Skorve kraftverk kjem frå Tverrelvi. Det er vurdert at det skal sleppast minstevassføring frå inntaket i Tverrelvi på 94 l/s i perioden 1.oktober til 30.april og 262 l/s resten av året.

I tabellen under er det teke omsyn til slepp av minstevassføring i ettersituasjonane.

	Gjennomsnitt (m ³ /s)	Tørt år (m ³ /s)	Vått år (m ³ /s)	Middels år (m ³ /s)
I dag	3,22	1,88	4,55	3,18
Etter overføring *	1,74	1,03	2,47	1,72
Etter overføring og Skorve kraftverk	0,41	0,29	0,61	0,37

* inkludert minstevassføring frå 2 bekkeinntak, Mustdal I og Fangdalen.

Når det gjeld antal dagar med vassføring større enn største slukeevne og mindre enn minste slukeevne tillagt minstevassføring vert det vist til resultat for alternativ B. Like nedstrøms inntaket vil det vere liten skilnad på om det er Skorve kraftverk eller Tverrelvi kraftverk som vert bygd.

3.4.2 Tverrelvi ved inntak til kraftverk, alt. B

For alternativ B er planlagd frå ført 13,1 km² frå øvre del.

Tverrelvi kraftverk er planlagd med ei maksimal slukeevne på 4,0 m³/s. Dette tilsvarer 2,5 x Qmid (etter overføring)

Det er vurdert at det skal sleppast minstevassføring frå inntaket i Tverrelvi på 94 l/s i perioden 1.oktober – 30. april og 262 l/s resten av året.

I tabellen under er det omsyn til slepp av minstevassføring i ettersituasjonane.

	Gjennomsnitt (m ³ /s)	Tørt år (m ³ /s)	Vått år (m ³ /s)	Middels år (m ³ /s)
I dag	3,22	1,88	4,55	3,18
Etter overføring	1,74	1,03	2,47	1,72
Etter overføring og Tverrelvi kraftverk	0,41	0,29	0,61	0,37

Tilgjengeleg vatn (disponibelt etter overføring)	50.70	mill m ³ /år	100 %
Kraftverket nyttar	37.86	mill m ³ /år	75 %
Flaumtap	7.50	mill m ³ /år	15 %
Forbitapping	4.82	mill m ³ /år	10 %
Tapping pga lågt tilsig	0.52	mill m ³ /år	1 %

	Dagar med vassføring større enn Q_{max}		Dagar med vassføring mindre enn Q_{min} + tillagt minstevassføring	
	Før	Etter	Før	Etter
Tørt år	21	3	225	282
Vått år	56	13	55	193
Middels år	34	4	97	213

3.4.3 Tverrelvi ved inntak til kraftverk, alt. C

Skorve kraftverk er planlagt med ein maksimal slukeevne på 9,4 m³/s. Dette er 2,5 x Q_{mid} til Skorve kraftverk. Midlare tilsig i Tverrelvi ved inntaket er 101,5 mill m³/år. Det er forutsatt at 86 % av driftsvassføringa til Skorve kraftverk kjem frå Tverrelvi.

Det er vurdert at det skal sleppast minstevassføring frå inntaket i Tverrelvi 94 l/s i perioden 1.oktober til 30.april og 262 l/s resten av året.

I tabellen under er det omsyn til slepp av minstevassføring i ettersituasjonen.

	Gjennomsnitt (m ³ /s)	Tørt år (m ³ /s)	Vått år (m ³ /s)	Middels år (m ³ /s)
I dag	3,22	1,88	4,55	3,18
Etter Skorve kraftverk	0,77	0,53	1,22	0,69

Når det gjeld antal dagar med vassføring større enn største slukeevne og mindre enn minste slukeevne tillagt minstevassføring vert det vist til resultat for alternativ D. Like nedstrøms inntaket vil det vere liten skilnad på om det er Skorve kraftverk eller Tverrelvi kraftverk som vert bygd.

3.4.4 Tverrelvi ved inntak til kraftverk, alt. D

Tverrelvi kraftverk er planlagt med ei maksimal slukeevne på 7,26 m³/s. Dette tilsvarar 2,25 x Q_{mid} . Det er vurdert at det skal sleppast minstevassføring frå inntaket i Tverrelvi på 94 l/s i perioden 1.oktober til 30.april og 262 l/s resten av året. (tilsvarar 5% persentil vinter/sommar)

I tabellen under er det omsyn til minstevassføringslepp i etter situasjonen.

	Gjennomsnitt (m ³ /s)	Tørt år (m ³ /s)	Vått år (m ³ /s)	Middels år (m ³ /s)
I dag	3,22	1,88	4,55	3,18
Etter Tverrelvi kraftverk	0,77	0,53	1,22	0,69

Tilgjengleg vatn	101.70	mill m ³ /år	100 %
Kraftverket nyttar	77.56	mill m ³ /år	76 %
Flomtap	18.20	mill m ³ /år	18 %
Forbitapping	4.98	mill m ³ /år	5 %
Tapping pga lågt tilsig	0.96	mill m ³ /år	1 %

	Dagar med vassføring større enn Q_{max}		Dagar med vassføring mindre enn Q_{min} + tillagt minstevassføring	
	Før	Etter	Før	Etter
Tørt år	24	6	196	343
Vått år	70	19	36	303
Middels år	42	5	82	329

3.4.5 Tverrelvi like oppstrøms samløpet med Vosso, alt A. og C

I restfeltet mellom inntaket til hhv alt A og C for Skorve kraftverk og samløpet mellom Tverrelvi og Vosso er vassføringsforholda bestemt av lokaltilsig i restfeltet, overløp frå inntak, forbitapping til oppretthalde minstevassføringskrav og forbitapping dersom tilsiget er lågare enn minste slukeevne.

	Gjennomsnitt (m ³ /s)	Tørt år (m ³ /s)	Vått år (m ³ /s)	Middels år (m ³ /s)
I dag	3,41	1,99	4,81	3,36
Etter Skorve kraftverk, alt A	0,59	0,39	0,87	0,55
